



Kvalheim Eiendom as
Pb 1
5931 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1799 - 14/9452

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
15.09.2014

Delingssak Gbnr 45/36 Manger - søknad om frådelling - vedtak

Delegasjonssak nr.: 191/2014

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av eigeidom gbnr 45/36 Manger for frådelling av tomt som omsøkt 19.08.2014. Løyve vert gjeve på vilkår om at grensane skal gå til veg og parkering slik som reguleringplankartet viser.

Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med reguleringsplan for området som er Hesthaugen nord.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 20-1 m, jf 12-4 samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saksutgreiing:


Det vert søkt om deling av grunneigeidom gnr 45 bnr 36 i Radøy kommune. Føremålet med delinga er å leggje til rette for nye heilårsbustader.

Planstatus

I kommuneplanen er omsøkt areal definert til byggjeområde for heilårsbustader. Føremålet med delinga er i tråd med overordna plan for området.

Omsøkt areal er del av reguleringsplan for Hesthaugen nord godkjent av kommunestyret i møte 13.10.2005 og er regulert til byggjeområde for heilårsbustader. Arealet som skal delast i frå er på 1500 m².

Kartutsnitt vedlagt søknaden:



- Måle Grenser
- Registrerte Grenser
- Tilsløst grenser
- Toneangivende grenser
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Statust usikkerhet
- Viltskade
- Slette beutader
- Hytte/leidehus
- Graue/vulkan
- Industri/lager
- Aukle bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling

Buss G Radøy Kommune


Dato: 2013-10-22
Skala: 1:500

Gnr 45 bnr 36



Skala
1:500

Lindås Kommune



Omsøkt areal ligg i gult felt merka med nummer 5 og 6 i reguleringsplankartet.

Lovgrunnlag

Søknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova "Kapittel 20 .Søknadsplikt".

Nabovarsel

Naboane er varsla slik plan- og bygningslova krev, men det er ikkje komme merknader til omsøkte tiltak.

Vurdering:

Plankonsulenten vil etter delegasjonsreglementet gje samtykke til omsøkt deling med vilkår om at ein har tilkomst til tomta, tinglyst rett til bruk av veg og at ein koplare eiendomen til nytt anlegg for vatn og avløp.

Kommunen set og som vilkår at reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt. Den nye tomte skal liggje innafor arealføremålet heilårsbustad og det vert ikkje delt i frå areal som i reguleringsplan satt til veg eller parkering. Det er bygd trafo på eigedomen som og må liggje att på gbnr 45/36.

Søknadspliktige tiltak på eigedomen kan berre skje etter godkjent søknad til kommunen.

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kvalheim Eiendom as

Pb 1

5931

MANGER